



## Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: John Anton Gladsø  
Telefon: 57643130  
E-post: [fmsfjag@fylkesmannen.no](mailto:fmsfjag@fylkesmannen.no)

Vår dato  
27.08.2018  
Dykkar dato  
02.07.2018

Vår referanse  
2018/2248- 431  
Dykkar referanse

Noregs vassdrags- og energidirektorat  
[nve@nve.no](mailto:nve@nve.no)

### Fråsegn til søknad om mellombels uttak av grunnvatn til Leikanger vassverk - Leikanger kommune

Vi viser til oversendinga 2.7.2018 med søknad om løyve til uttak av grunnvatn til Leikanger vassverk.

Leikanger kommune søker om å få ta ut inntil 35 l/s grunnvatn til Leikanger vassverk i samband med at det skal etablerast eit nytt inntak ved utbygginga av Leikanger kraftverk. Uttaket er venta å vare i tre år. Grunnvatnet vil bli tatt ut Riverdalen i Hermansverk sentrum. Det vil bli lagt ein mellombels vassleidning hovudsakleg oppe på bakken frå grunnvassbrønnane, via eit pumpehus, til eksisterande pumpestasjon og vassbehandlingsanlegg.

Fylkesmannen skal vurdere om vassuttaket, eller eventuelle inngrep i vasstrengen, vil påverke kjende allmenne interesser. Om tiltaket får effekt på vassdraget, skal vi også vurdere saka etter lakse- og innlandsfisklova og ureiningslova. Vi legg vekt på prinsipp og føringar frå naturmangfaldlova og vassforskrifta.

Uttak av drikkevatn vil ha høg prioritet samanlikna med mange andre samfunnsføremål. Vi kan ikkje sjå at eit grunnvassuttak i den storleiken det er søkt om vil få nokon innverknad på vassføringa i Henjaelvi ut over situasjonen i dag, sidan dette vatnet i tilsvarande mengde i dag vert teke lengre oppe i Henjaelvi. Vassuttaket vil heller ikkje endre tilstandsklassifiseringa etter vassforskrifta.

Det er viktig at det vert gjort minst mogleg landskapsinngrep når den nye infrastrukturen skal etablerast og den mellombelse vassleidningen skal leggst. Tiltaket vil ikkje føre til inngrep i vasstrengen, men det er viktig å unngå unødvendige inngrep i kantvegetasjonen. Naturtypen fossesprøytsone er registrert ved den aktuelle strekninga, men vassleidningen er planlagt lagt utanfor denne naturtypen. Det er vidare viktig å unngå at anleggsarbeidet fører til ureining av vassdraget.

Fylkesmannen har ikkje avgjerande merknader til søknaden om uttak av grunnvatn. Søknaden om grunnvassuttak treng difor ikkje ytterlegare handsaming etter lov om laksefisk og innlandsfisk eller etter ureiningslova. Kommunen må vurdere eventuelle krav til det nye reinseanlegget for å unngå ureining til naturmiljøet.

Med helsing

Tom Dybwad  
seniorrådgjevar

John Anton Gladsø  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi: Leikanger kommune